



Trio Bygg Bergen AS
Salhusvegen 55
5131 NYBORG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/567 - 15/22686

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:
22.12.2015

Godkjenning- Søknad om endring av plassering av bustad på gbnr 38/82

Administrativt vedtak. Saknr: 446/2015

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Det vert vist til søknad etter Plan- og bygningslova § 20-1 journalført 17.12.15 i Meland kommune. Søknaden gjeld endring av gitt tillatelse frå DNT sak 213/2015 av 22.6.2015 for oppføring av einebustad på gbnr 38/82 på Refskar.

Endringa omfattar at huset er dreid 2,25 meter mot sør.

Administrasjonen har ingen merknader til endringa.

Nabovarsling:

Administrasjonen gjer fritak for nabovarsling med heimel i Pbl § 21-3, tredje ledd.

VEDTAK:

«Meland kommune godkjenner i medhald av Plan- og bygningslova (pbl) § 20-1 endring av gitt tillatelse for oppføring av einebustad på gbnr 38/82 i samsvar med søknad journalført 17.12.2015. Endringa gjeld at huset er dreid 2,25 meter mot sør.

Utforming av tiltaket skal vere som godkjent gjennom tidlegare godkjenning frå kommunen. Krav om avstand til nabogrense på 4 meter er absolutt, dersom ikkje anna følgjer av vedtaket ovanfor eller av tidlegare vedtak i saka.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Byggverket si plassering på tomta skal kunne dokumenterast. Slik dokumentasjon skal sendast kommunen for oppdatering av kartverket. Meland kommune krev at innmålingsdata vert sendt i gjeldande SOSI-filformat (p.t versjon 4). Dokumentasjon skal sendast inn seinast saman med førespurnad om ferdigattest eller mellombels bruksløyve.

Opplysningar om bygget som kjem fram i søknaden vert registrert for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell det bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf pbl § 21-9. tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så framt det ikkje er gjeve unntak».

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaming vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
byggjesakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

20151222125439
20151222125453

Mottakere:

Trio Bygg Bergen AS

Salhusvegen 55 5131

NYBORG